
Arkivsak-dok.	22/01065-5		
Saksbehandlar	Sissel Jaktevig Johannessen		
Saksgang		Møtedato	
Hovudutval for barn og unge		01.06.2023	17/23

Orstad skule og moglege løysingar

INNSTILLING:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

- Hovudutval for barn og unge sender alternativ 1 og alternativ 5 på høyring til SU/driftsstyre ved Orstad skule, Orstad naturbarnehage, Ormadalen barnehage, Engelsvoll skule, Engelsvoll barnehage, Klepp ungdomsskule og fagorganisasjonar. Høyringsfrist: 30.august
- Etter høyringsrunde kjem saka til endeleg behandling for val av løysing.

Vedlegg:

- Skulebruksplan Klepp kommune 2021-2032
- Orstad skule og moglege løysingar. Sak Hovudutval barn og unge 09.03.23
- Svar frå Time kommune
- Kart som viser avstand Orstad – Frøyland ungdomsskule

Bakgrunn for saka

Klepp kommune gjorde slikt vedtak den 8. november 2021:

1. *Kommunestyret vedtek skulebruksplanen 2021 – 2032, og legg denne til grunn for Klepp kommune sin skulepolitikk.*
2. *Kommunedirektøren utarbeider ein rapport som vurderer bygget og moglege løysningar på Orstad skule. Kommunedirektøren vil deretter koma tilbake med ei sak om framtidig løysning for Orstad skule.*

Sak om moglege løysingar for Orstad skule var oppe som sak i Hovudutval for barn og unge 09.03.23. Der det blei gjort vedtak om å senda alternativ 1 og 2 og nytt alternativ 3 og 4 ut på høyring.

Etter dette har det komme eit nytt forslag, alternativ 5, frå tenesteområde Samfunn og kultur, om å bygga ny ungdomsskule på Engelsvoll. Forslaget inneheld også ny idrettshall, noko som lenge har vore etterlyst frå innbyggjarane på Klepp stasjon. Saka kjem derfor opp til ny behandling.

Saksopplysningar

Innleiing

I vurdering av dei ulike alternativa blir det viktig å vurdere kva skulestruktur ein ønskjer for elevane på Orstad for framtida. Er det ein 1-10 skule eller skal ein bygge ny skule for ungdomstrinnet?

Alternativ 1: Påbygg og rehabilitering/ombygging av Orstad skule

Som det går fram av analysen, er det både stort behov for rehabilitering og tilbygg på Orstad skule. Samstundes treng både ungdomstrinnet og OLS utvidingar. Ungdomstrinnet treng 2 klasserom med grupperom og med garderober og toalett. Det er også stor mangel på grupperom på skulen. Det manglar heile 10 grupperom i forhold til vanleg standard. Skulen har ikkje rom for skaparverkstad innan elektronikk og programmering og rom for arbeidslivsfag. I tillegg manglar 4 toalett, der eitt av desse bør ha HC-standard. Dei 50 tilsette har 1 dusj og 1 WC. Her trengs utvida personalgarderobe.

Om ein vel rehabilitering og ombygging av skulen med både barne- og ungdomssteg, må det vurderast om nåverande areal er tilstrekkeleg til å husa areala vist i førre avsnitt. Truleg vil det vera behov for noko tilbygging også for skuledelen.

For å spara utearealet, vil eit tilbygg i 2 etasjar vera den beste løysinga. Dette bør bli vurdert i samband med rehabilitering av skulen.

Ei anna mogleg løysinga er å la OLS utgjera tilbygget.

Arealet for OLS vil utgjera følgande:

2 klasserom a 50 m² og 12 grupperom med ulik storleik 250 m²

Lagerrom til utstyr og lagerrom til materiell 50 m²

Arbeidsplassar til 12 tilsette inkl rom for leiar og møterom 110 m²

3 HC-toalett, personalrom, garderobe og dusj 50 m²

Treningsrom med utstyr og sanserom 50 m²

Kjøkken og fellesareal 80 m²

Gangareal og garderobe elevane kjem i tillegg.

Kostnad for 700 m² tilbygg vil kosta om lag 40 mill. I tillegg kjem ombygging/rehabilitering av 3866 m² eksisterande bygg Orstad til om lag kr 25 000 pr m². Kostnaden for dette vil bli nær 100 mill.

Alternativ 2: Ny skule for ungdomstrinnet

Det vil ikkje vera kapasitet på andre skular i Klepp om ein ønsker å flytta ungdomstrinnet bort frå skulen. Ein oversikt over Klepp ungdomsskule med ungdomstrinnet på Orstad skule innlagt, viser at det ikkje vil vera kapasitet til å romma elevane ved Orstad skule.

Ei løysing med eigen ungdomsskule for Orstad, gjer at ein ikkje treng å bygga på nåverande Orstad skule, men gjennomføra omfattande ombygging og rehabilitering.

Det er også ei ledig tomt på Orstad ligg like nord for kunstgrasbanen og er på 11,4 daa.

Det er også mogleg å nytta ei tomt kommunen eig like ved Ormadalen barnehage til ny ungdomsskule. Tomta må utvidast noko slik at arealet blir på 14-16 dekar. Ved å bygga på denne tomten, kan ein nytta eksisterande idrettshall og idrettsanlegg. Administrasjonen anslår at kostanden for begge alternativa vil bli på ca.180 mill.



Alternativ 3: Samarbeid med Time kommune: Orstad ungdomsskule som del av påbygd Frøyland ungdomsskule

Time kommune sitt svar er at dei har drøfta saka internt i administrativ leiing, saman med kommunedirektør. Ei formell handsaming av saka vil krevje ein meir omfattande involvering, både politisk og med føresette. Skulebruksplanen er kommunen sitt strategisk dokument knytt til skulestruktur i Time kommune. Denne skal reviderast i 2024.

Vedlagt er eit kart som viser at det er relativt stor avstand mellom Orstad og Frøyland ungdomsskule.


Alternativ 4: Bygge ny 1-10 skule på ny tomt.

Kostnad ny skule og inntekt sal av gammal tomt

Forslaget gjeld tomta på om lag 60 dekar som ligg i inne i kommuneplanen på «toppen» av Orstad.


Plassering: For å vurdere kor sentrale dei ulike alternativa er for elevane, er det kartlagt kor mange bueiningar det er innafor gitte avstandar:

Eksisterande skule	Mogleg ny skuletomt
Skulen ligg saman med øvrig offentleg / allmennyttig formål som idrettsanlegg, grendahus, barnehagar, kyrkje mm. Samla definert eit sentrum i bygda.	Ligg i utkanten av bebyggelsen, og ikkje tilknytta sentrum. Ligg nærare dei nye boligfelt.



Tilkomst til mogleg ny skuletomt er i hovudsak via Erlevegen frå Orstadvegen. For gåande er tilkomst god. Lærarar og andre tilsette ved skulen vil truleg køyre til og frå skulen via Erlevegen, noko som vil medføre litt auka trafikk på den vegen. Det er gangfelt langs det meste av denne vegen, så den vil fortsett fungere som ein relativt trygg skuleveg.

Gangtilkomst til eventuell skule på Orstad markane frå bustadområde sørvest for skulen finst i dag anten ved å gå nord på gangveg mellom Orstad kyrkje og fotballbana og vidare aust på Erlevegen. Elles kan ein gå aust på sti i Kalbergskogen og nordover. Denne vegen gir ein mindre direkte åtkomst, og det bør vurderast ny trasè.



Ut i frå barnetråkkresultata frå årets registrering (2023) veit me og at det er mange elevar ved eksisterande skule som vel å gå over fotballbana og på skrå frå fotballbana til skulen. Det har kome inn kommentarar om at det er ønska lys og gruslagt sti langs denne ruta.

Arealet er delvis dyrka og registrert som god jordkvalitet (Kategoriene er svært god, god og mindre god).

Det er ikkje registrert kulturminne på sjølve skuletomta. Likevel er det registrert svært mange kulturminne i nærleiken, der det ikkje er dyrka. Det er ikkje føretatt arkeologiske registreringar på tomta.

I kommuneplanen er deler av tomta markert som omsynssone bevaring naturmiljø, med beskriving AR5_skog_høg bonitet.

Det går ein stor IVAR vassleidning nord på tomta. Denne må det tas omsyn til ved evt. planarbeid.

Førebels kalkyle for ny 1-10 skule, inkludert Orstad læringsssenter, vil vera på ca.630 millionar. Dette inkluderer gymsal og eventuelle ekstra tiltak på uteområde for å skjerme mot ver og vind.

Kommunen eig ikkje arealet. Arealet er på om lag 60 dekar avsett i kommuneplanen til offentlig areal. Tomta må ervervast dersom det skal etablerast tiltak her.

Prisanslag sal gammal tomt

Føresetnad er at tomta er regulert til bustadføremaal. Lagt til grunn er tilsvarande kvadratmeterpris som meklarar har gitt takstar på for område B5 på Orstad. Prisen per m² for bustadareal er 1870. Arealet er målt til ca. 21,5 dekar. Får ein seld arealet til ein slik takst vil det gi ein sum på 40 mill. kroner.


Kalkyle for å riva dagens bygningsmasse og klargjere tomt for sal vil komma på ca.4,6 mill, og kjem i tillegg.

Alternativ 5: Bygge ny ungdomsskule på Engelsvoll, Engelsvåg ungdomsskule

Skulen vil bli bygd for 3 parallellar og vil bli ny ungdomsskule for elevar ved Orstad skule og Engelsvoll skule. Forslaget inneheld også ny idrettshall, noko som lenge har vore etterlyst frå


innbyggarane på Klepp stasjon. Idrettshallen kan også nyttast av elevar ved barneskulen på Engelsvoll.

Arealet ligg som bustad i kommuneplanen og er privat eigd. Kommune må kjøpa dersom det skal etablerast skule. Prosess med endring av formål må vurderast i kommuneplanprosess.



Det ligg ikkje tilknytta nokon eksisterande eller planlagte boligområde eller offentlege/allmenntytte instansar.

Avstand



Arealet er dyrka, og er i hovudsak registrert som svært god jordkvalitet (Kategoriane er svært god, god og mindre god). Det er registrert ein del kulturminne i området. Dette er busetting, aktivitetsområde, kokegroplokalitet, rydningsrøyslokalitet og gravminne.

Ny IVAR leidning blir bygd nord på tomta.

Kalkyle for ny ungdomsskule med 3 parallellar inkludert idrettshall er på ca.280 mill.

Økonomiske konsekvensar

I denne samanhengen vil kostnader vera omtrentlege ut frå å gje ei skisse av dei ulike løysingane med eit overslag på kostnadskonsekvensar. Kalkylane er gjort av administrasjonen i tenestoområde Samfunn og kultur.

Dei aktuelle løysingane:

1. Påbygg og rehabilitering/ombygging Orstad skule
Kostnad: Kr 40 mill. + 100 mill. = 140 mill.
2. Rehabilitering/ombygging Orstad skule og ny skule for ungdomstrinnet på Orstad.
Kostnad alternativ A: Ny ungdomsskule på tomt nordafor kunstgrasbanen (11,4 daa)
Rehabilitering Orstad skule 100 mill. + ny ungdomsskule 180 mill. = kr 280 mill.
Kostnad alternativ B: Ny ungdomsskule på tomt ved Ormadalen barnehage (14-16daa)
Rehabilitering Orstad skule 100 mill. + ny ungdomsskule 180 mill. =280.000
3. Samarbeid med Time kommune: Orstad ungdomsskule som del av påbygd Frøyland ungdomsskule. Kostnad: Ikkje vurdert.
4. Bygge ny 1-10 skule på ny tomt. Kostnad ny skule og inntekt sal av ny tomt.
Kostnad for å bygga ny 1-10 skule: ca.630 mill.
Sal av gammal tomt er anslått til ca. 40 mill. Kalkyle for riving og klargjere tomta for sal vil komma på ca.4,6 mill.
5. Rehabilitering/ombygging Orstad skule og bygge ny ungdomsskule med 3 parallellar inkludert idrettshall på Engelsvoll
Kostnad: Rehabilitering Orstad skule 100 mill + ny ungdomsskule 280 mill. =380 mill

Kostnad for dei ulike alternativa er basert på grove kalkylar ut frå einingsprisar og viser i denne samanhengen kun nivåforskjell mellom alternativa.

Kommunedirektøren si vurdering

Etter at alternativet om å bygge ny ungdomsskule på Engelsvoll blei fremma, er kommunedirektøren si vurdering at ein ser vekk frå alternativ 2. Det vil vera positivt og framtidsretta å bygga ein større ungdomsskule for 3 parallellar, både for elevmiljøet og for rekruttering av tilsette. Samtidig som ein innfrir ønske om idrettshall på Klepp Stasjon.

Det blir også tilrådd å sjå vekk frå alternativ 3. Å vente på eventuell vurdering i skulebruksplanen til Time kommune i 2024, vil medføre både usikkerheit og forseinkinga av prosessen om framtidig løysing for Orstad skule.

Bygge ny skule 1-10 på ny tomt, alternativ 4, viser at kostnadane er vesentleg høgare enn dei andre alternativa. Det blir derfor tilrådd å sjå vekk frå dette alternativet.

Tilrådinga er derfor å sende alternativ 1 og alternativ 5 ut på høyring.